

## Aktivitetsplan 2007

Dato	Arrangement	Komite
8.-9. sept	Prosjekt drømmekonsert	Idar
28. okt	Basar:	
16. - 18. nov	Øvingshelg:	Idar
2. des	Julegrantenning	
16. des	Julekonsert	
28. des	Juletreff	
5. jan	Nyttårskonsert.	Idar
1. til 3. februar	Øvingshelg	Eirik
7. til 10.	Norgesmeisterskap	Eirik

### Kjerringråd mot uråd



### Hygiene

- Når luften er bedrevet, kan det være dødelig å puste. Man skal passe på å ikke puste i et rom hvor luften er utilgjengelig.
- De giftstoffer som virker inn på nervesystemet er først og fremst kaffen, teen, tobakken, alkoholen og arbeidet.
- Man må vaksineres for å kunne drikke melk fra en ku som har tuberkulose.



### På kryss og tvers med VG

#### Prøv VG-kryss Vannrett:

1. TV-sjåingmøbel
5. Øker
6. Strak

#### Loddrett:

1. Øyner
2. Røke
3. Ikke tynn
4. Type

	1	2	3	4
1				
5				
6				

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Dr. 7

14. årgang

Laussal: Gratis

august 2007

# UT MED HAVET

## EIN SPEKTAKULÆR UTEKONSERT I TORSKANGERPOLL

LAURDAG 8. SEPTEMBER KL. 19,00

KONSERTEN ER GRATIS

Spesialskreven musikk av Idar Torskangerpoll

Forteljar: Oddgeir Bruaset, kjend frå NRK TV

Lørdag 8. september er det klart for ein konsert heilt utanom det vanlege. Konserten er sponsa av Norsk Tipping, og er gratis for publikum. Det blir pub og grillmat på Vikabu både før og etter konserten.

MED: Torskangerpoll Musikklag Langhus Brass

STAD: Torskangerpoll (sju km vest for Måløy) Parkering i Vågsavåg

Konserten starter i skumringa etter kl. 20.00 Oppe hus og servering på Vikabu frå kl. 19 og etter konserten

VINNAR AV "DRØM 2007" - eit samarbeidsprosjekt mellom Norges Musikkorps Forbund og Norsk Tipping

SOLISTAR: Eirik Gjerdevik Anette Marie Lund Torskangerpoll

[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)

## Konsert i skumringa

Kor tid sjølv konserten, "Ut med havet" lørdag 8. september skal starte er uvisst. Men det er meininga at den skal starte litt før skumringa startar. Det betyr mellom 20.30 og 21.00. Den skal vere ferdig når det er mørkt. Konserten varer i om lag 45 minutt.

## Om venting og lengting

"Ut med havet" er ei skildring i musikk og forteljing om livet i og rundt dette fiskeværret i tidlegare tider. Folk levde av jordbruk og fiske. Far måtte på sjøen i all slags vær for å tene til livets opphald, og mor hadde ansvar for heim og barn. I tillegg til at ho hadde ansvar for alt i heimen, tenkte ho på mannen som var ute på det lunefulle havet. - Dette har vore ein stor draum, seier komponist Idar Torskangerpoll. Han er fødd og oppvaksen i Torskangerpoll. Og det spesielle er at konserten skal skje berre nokre åretak frå barndomsheimen.



## Forteljar

TV-kjendis Oddgeir Bruaset skal vere forteljar, og skal skildre sorg og glede, kvardag og fest, latter og tårer. Forfattar Rolf

Losnegård har laga teksten til forteljinga.

Det er leigd inn profesjonelt firma frå Bergen som stiller med lyd- og lysutstyr som skal vere med å gjere

dette til ei heilt spesiell oppleving.

## 70 musikarar

Dette er Torskangerpoll Musikklag sitt draumepro-sjekt. Heile opplegget er finansiert av Norsk Tipping, og det er grunnen til at sjølv konserten er gratis for alle som vil. Noregs Musikkorps Forbund er medarrangør, og har lagt til rette for det tekniske. Langhus Brass frå Ski, korpset som Idar Torskangerpoll dirigerer, skal vere med på opplegget slik at det blir rundt 70 musikarar. Dei skal vere i Torskangerpoll heile helga, og gler seg stort seier Nina Andersen i Langhus.

## Solistar

Tubaist og mangeårig gjestedirigent for Torskangerpoll Musikklag, Eirik Gjerdevik skal vere solist på tuba. Han er profesjonell musikal, og er tilsett i divisjonsmusikken Vestlandet. Han er mykje brukt solist, og har vore med å vinne mange prisar med elitekorps i Norge. Han har og gjeve ut eiga plate. Den andre solisten er kona til Idar Torskangerpoll, Anette Marie Lund Torskangerpoll. Ho er trombonist og har bakgrunn frå fleire toppkorps i Norge. Ho er utdanna ved Barratt Dues Musikk institutt, og driv no med



etterutdanning ved Norges musikkhøgskole. Ho har vunne solistprisar, og er mykje brukt solist i tillegg til å vere korpsdirigent og instruktør.



## Lekter blir scene

Ein stor lekter på 30 gonger ni meter skal vere scene. Den blir plassert vest for Keila rundt 50 meter frå land på Færestrand-sida. Det meste av konserten skal gå føre seg herifrå. Men det blir også tonar og lyd frå naturen og frå sjøen. Publikum blir oppmoda til å plassere seg i naturen, på vegen eller nedanfor vegen som går til Færestrand. Området som er best for publikum er i området frå barndomsheimen til Idar og Arne Torskangerpoll, og utover mot Færestrand. Då får dei rorbuene i Torskangerpoll som ein del av bakgrunnen. - Det blir ikkje benker. Folk må difor sette seg der dei ynskjer i naturen, og det kan vere lurt å kle seg og innordne seg deretter, seier leiar i Torskangerpoll Musikklag, Johan Einar Wåge.

## Pub og grillmat

Det blir pub med sal av grillmat og andre forfriskingar både før og etter konserten på Vikabu. Det heile startar klokka 19.00. Bygdelaget skal stå for organisering og sal. Tanken er at folk som vil høyre konserten skal kunne kose seg både før og etter konserten. Det blir partytelt utanfor Vikabu, og bord og benker inne. Vi har fått innvilga skjenkeløyve, så det er berre å ta med seg vener og kjende til ein heilaften i Torskangerpoll.

## Trafikkregulering

Det blir ikkje muleg å køyre til og frå Torskangerpoll etter klokka 19.00. Dette er kvelden for dei som vil gå. Vi slepp gjennom berre nødvendig trafikk, og bilar med handikappa. Det blir sett opp minibuss som vil gå mellom Vågsvåg og Torskangerpoll. Besøkjande som kjem landevegen må parkere i Vågsvåg, og spasere over til Torskangerpoll. I Vågsvåg blir det parkeringsvakter, og folk må sette frå seg bilane anten på skulen eller på Skaret.

## Båteskorte

Redningsselskapet vil organisere eskorteteneste frå Måløy klokka 18.30 rundt Hesten og til Torskangerpoll. Folk med småbåtar blir oppmoda til å ta turen til Torskangerpoll og oppleve denne heilt spesielle konserten som skal vere på ein stor flåte ute på fjorden.